


GJERDERETTLEIAR FOR

REGULERTE FRITIDSEIGEDOMAR

Mange ønskjer å ha gjerde rundt sin fritidseigedom for å markere eigedomen, for å halde egne dyr inne, for å halde andre dyr ute eller for andre private interesser. Det er ikkje fritt fram å sette opp gjerde på sin eigedom. Storleik og utforming er i hovudsak omtala i gjeldande reguleringsplan. Ein må likevel vera klår over at landbrukseigedomar i området har beiterett, også på fritidseigedomar. Denne retten er gjeldande for alle områda i Nord-Fron, og reguleringsføresegnene er lagd i forståing med landbruksnæringa.



et er viktig å sjekke føresegna for din eigedom, sjølv om den generelle regelen i Nord-Fron tillet inngjerding av inntil 300 m² av tomta eksklusiv bebygd areal. Det kan også vera at privatrettslege avtaler har eigen føresegn.


Føresegna kan seie noko om type gjerde som er godkjent, noko det også er viktig å sjekke. Reguleringsplanen finn du på <http://tema.webatlas.no/3436/planinnsyn> - trykk på eigen tomt på kartet og «Vis meir informasjon» - Plandokumenter.

Denne informasjon er derfor berre ein rettleiar og ikkje ei føresegn. Er du usikker, ta kontakt med byggesaksbehandlar i kommunen.

Før gjerde kan først opp i samsvar med kommunens gjerdereglar, skal det *sendast skriftleg varsel* til kommunen. Varsel/melding kan sendast til post@nord-fron.kommune.no og ha vedlagt teikning på gjerdet ein ønskjer å sette opp. Teikninga skal vera målsett og tydeleg vise måla på gjerdet. Kommunen varslar så aktuelle beitelag om oppføringa, med kopi til hytteeigar/tiltakshavar.

Både kommunen og beitelag/grunneigarlag kan krevje ulovleg oppsett gjerde fjerna av eigar eller for eigars kostnad. Gjerder i forfall som er farlege kan også krevjast utbetra eller fjerna.



Nokre har gamle gjerder sett opp før dette blei regulert. Kommunen kan ikkje krevje desse fjerna.



GJERDETYPAR:

Skigard:

Fleire føretak tilbyr ferdig oppsett skigard til fast pris pr. meter. Viktig her er at avstand frå bakken og innbyrdes avstand mellom materialane ikkje bør overstige 10 cm. Dersom gjerdetraseen er vindutsett, er det fare for stor belastning på skigarden av snøfonner. Skigard kan styrkast med innsett av gjerdestolpar med minimum diameter 8 cm. Impregnerte staur og stolpar har lengre levetid.




Stakittgjerde:


Alle materialar brukt i stakittgjerde bør vera impregnerte for lengre levetid. Same prinsipp for innbyrdes avstand mellom materialane for å hindre at dyr set seg fast i opningar.

Nettinggjerde:

Rett oppsett nettinggjerde er effektivt både mot storfe og småfe. Utmarksgjerde har mindre masker nede ift øvst, hugs å snu nettingmaskene rett veg ved oppsetting. Det er viktig at nettinggjerde har god styrke og er godt stramma. Bruk gjerne lastsurring mellom trådvev og eit tre/hengarfeste på bil for god stramming ved montering. Bruk 4 cm gjerdekrampar med mothaker som gir godt feste i stolpane.



Ein tilrår impregnerte gjerdestolpar for lengre levetid. Minimum 8 cm i diameter. Maks avstand mellom stolpane 1,5 m. Avstiving/skråband i alle hjørner, retningsendringar på gjerdet og mot grunder. Tilrår også 28 x 120 mm terrassebord skrudd til alle gjerdestolpane maks 10 cm over topptråden på gjerdet. Toppbord gir svært god avstiving av gjerdet! Bruk 75 mm lange skruar til dette føremålet. Laupande lengder terrassebord med lask i skøyter for maksimal utnytting av bordlengda. Godt stramma bølgetråd på toppen er eit alternativ, men med mindre sikkerheit mot storfe.



Grinder:

Alle grinder skal slå utover og må utformast slik at dei ikkje er til fare for dyra. Innbyrdes avstand mellom materialane bør vera maks 10-12 cm. Det same gjeld avstanden frå bakken til underste fjøl. NB: Hjulspor under grinda kan medføre at avstanden over tid blir for stor.

Straumgjerde:

Berre lov i eitt etablert hytteområde i kommunen, Afstjønna, elles ikkje lov. Difor er det ikkje med i gjerderettleiaren.

Piggtråd:

Frå 2010 er det eit absolutt forbod mot bruk av piggtråd i nye gjerder. Piggtråd på gamle gjerder er lov så lenge den er i orden.

Generelt:

Det er berre lov å føre opp samanhengande gjerde, og alle grinder skal slå utover for å hindre at beitedyr går seg fast.

Gjerder skal ikkje settast opp nærare enn tre meter frå veg som er open for offentleg trafikk. Gjerde skal vera minst 1,1 m høgt og så tett at det stenger ute hest, storfe og sau.

Nedste tråd/underside av gjerde skal ikkje vera høgare enn 4-10 cm over bakken for å hindre sau/lam å sette seg fast. Groper i terrenget under gjerdet må fyllast att eller tettast med til dømes terrassebord festa i gjerdestolpar på sidene av gropa.

Gjerde skal være stramt og stå rett opp. Husk kontroll og vedlikehald av opningar i eller under gjerde/grinder. Presses gjerde ned av snø eller jordsig må det rettes opp eller fjernes. Liggande gjerde er farleg for dyr.

Gjerde skal ikkje stenge sti eller råk for allmenn bruk og ikkje setjast opp nærare vatn/vassdrag enn 10 meter.

Det visast til sida om oppføring av gjerde på kommunens nettside <https://www.nord-fron.kommune.no/tjenester/bygg-eigedom-og-plan/bygge-rive-eller-endre/oppforing-av-gjerde/>

Utforming:

Det er viktig å lage eit solid og godt montert gjerde som held til føremålet, og over tid. Norsk Sau og Geit har god rettleiing retta mot landbruksnæringen. Også eigar av fritidseigedom kan få gode tips og råd på deira heimeside: <https://www.nsg.no/beitebruk/standardavtaler-m-m/>